


Sak			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR MØNE STØLSLAG.			
KLAGEBEHANDLING KONKRET VURDERING AV HYTTETOMT GNR.23, BNR.102.			
SKAGA, GNR.23			
GOL KOMMUNE, BUSKERUD.			
1	03.10.89	Brev fra Gol kommune til U.O.	
2	13.11.89	Brev fra U.O. til Gol kommune.	



GOL KOMMUNE

3132 05
PUN

Gol, 03 .10 .89

Oldsaksamlingen
Fredriksgt. 2

0164 OSLO 1

Journalnr.:
00263/87

Arkivnr.:
504

Saksbehandler:
TOB

REGULERINGSPLAN FOR MØNE STØLSLAG - KLAGEBEHANDLING KONKRET VURDERING AV HYTTETOMT GNR 23 BNR 102

I samband med klagebehandlinga på denne reguleringsplanen har Gol formannskap gjort slik vedtak når det gjeld denne konkrete saka:

"Når det gjeld klaga frå Ingeborg Hesla Bakkerud, så tek Gol formannskap i fyrste omgang og foreløpig denne til følgje. Dvs. saka skal bli teke opp spesielt med Oldsaksamlinga for å få heilt konkret vurdert dette tilfellet, eventuelt justering i plassering eller flytting. Klagesaka må bli endeleg avgjort etter at saka er avklara med private og offentlege instansar."

Vi sender elles med utskrift av klagesaka, sak 272/89F.

Dette er ein reguleringsplan som er fremma privat, av grunneigarene v/Harald Hoftun. Det nemnde forhold må difor også takast opp direkte med forslagsstillar.

I saksutgreiinga til bygningsrådet i si tid (2.gongs handsaming) var det om brevet frå Universitets oldsaksamling skrive slik:

"..har innvendingar mot gamal ubebygd hyttetomt .. på grunn av registrerte fornminner i dette området. Oldsaksamlingen skriv at denne tomta derfor må utgå av planen.

Oldsaksamlingen skriv vidare at dei på eit seinare tidspunkt vil koma attende med eit forslag til avgrensing av eit større fornminnefelt innan planområdet samt forslag til reguleringsføresegner for dette. Bygningsrådet har ikkje motteke noko slikt forslag, og går ut frå at det aktuelle arealet difor kan oppretthaldast som landbruksareal som vist i planforslaget."

87001587/TXTTOR

Adresse:
3550 Gol

Telefon:
067-74 100

Bankgiro: 9211.05.00051
Postgiro: 5 49 84 07
Postgiro skatt: 1 20 61 76

Med dette overlet vi initiativet til forslagsstillar og Oldsaksamlingen. Kommunen v/teknisk etat, som har hjelpt til i teiknearbeidet er med, i den grad det er nødvendig.

Med helsing
FORMANNSKAPSKONTORET

Tor O. Bergum
Tor O. Bergum
formannsk. sekr.

Kopi: Fylkesmannen i Buskerud
Grunneigarene/forlagsstillar v/Harald Hoftun, 3550 Gol
Teknisk hovudutval, her
Ingeborg Hesla BAKkerud, Bakkerud sak, 3620 Flesberg



GOL KOMMUNE

M Ø T E B O K

Sak.nr. F 272/89

J.nr. 00263/87

Ark.nr.: 504

Sak.nr. Utvalg
272/89 FORMANNSKAPETMøtedato Avd/Sbh
27/09-89 F /TOB

REGULERINGSPLAN FOR MØNE - KLAGER PÅ STADFESTING

Saksdokument:

1. Oversendingsbrev vedlagt klagene, frå teknisk etat 22.08.89
 2. Klage frå adv. Rolf Nybakk i brev 20.07.89, vedlagt tidlegare brev,
 - til Gol kommune og Gol bygningsråd 08.11.85 VEDLEGG
 - til miljøverndep. og Gol kommune 06.01.88 VEDLEGG
 - til do. 16.03.88 VEDLEGG
 - til miljøverndep. 10.05.89 VEDLEGG
 - til fylkesmannen 04.03.89 VEDLEGG
 3. Klage frå Ingeborg Hesla Bakkerud 21.07.89 VEDLEGG
 4. Klage frå Kari Treverket, Arne Bergli og Knut Espedokken 27.07.1989. VEDLEGG
-
5. Bygningsrådssak 10/89 VEDLEGG
-

I samband med svar på ein del av dei breva som er nemnde ovanfor, og anna brevskifte i den samanheng, er dette også saksdokument - alle VEDLEGG (sjølv om mange har vore utsendt før):

6. Brev til adv. Rolf Nybakk 15.01.88
7. Brev til Miljøverndep. v/fylkesm. og kommunen 29.02.88
8. Brev til adv. Nybakk 02.03.88.
9. Brev til Miljøverndep. v/fylkesm. og kommunen 25.04.88
10. Brev til Gol formannskap 01.02.88.
11. Brev til Fylkesmannen 18.05.88.
12. Brev til Gol kommune 22.12.88.
13. Brev til Gol kommune 01.02.89.
14. Brev til fylkesmannen 06.02.89.

Teknisk etat har kunngjort reguleringsplanen - kunngjering i avisene var sendt 23.02.89. Grunneigarar m.fl. vart underretta i brev 11.07.89.

Plan- og bygningslova beskriv klagebehandlinga i reguleringsaker i § 27-3. Det er formannskapet som skal behandle klagene i fyrste instans. Blir klagene tilrådd tatt til følgje skal saka leggjast fram for kommunestyret. I motsatt fall skal klaga gå til departementet v/fylkesmannen.

Den eine klagen er spesiell. Om denne skriv teknisk etat slik i sitt oversendingsbrev: "Det ligg også føre klage frå Ingeborg Hesla Bakkerud ... vedkomande tomt gbnr 23/102 som av bygningsrådet og kommunestyret vart føreslått flytta på visse vilkår grunna mellom anna registrert fornminne. Etter det eg kan sjå av saksgangen har ikkje Hesla Bakkerud eller berørt grunneigar fått særskilt varsel om dette. Det synest difor grunnlag for å ta Hesla Bakkerud si klage til følgje så langt

det gjeld handsaminga. Utfallet lyt ein kome attende til etter avklaring med berørte private og offentlege instansar."

Klaga frå Treverket, Bergli og Espedokken er grunngjeve med

- plasseringa av hyttefeltet som nær nabo til naturreservatet og dei vidare konsekvensane av dette ved at
- framføring av tilkomstveg som vil berører verneområdet
- utslepp som vil gå i Lyserbekken (som resipient)
- trakk og støy mot vilttrekk (storvilt/småvilt) og fugl
- tomtene kan plasserast meir skånsomt innan stølslaget
- og ved bruk av eksisterande vegar,
- dei felles naturverninteresser, allmennheten og stølslaget kan samordne sine interesser på ein betre måte,
- grunnar framsett av advokat Nybakk (blir serskild omtala).

Klaga frå adv. Nybakk, på vegne av Espedokken, Bergli, Treverket og Søndreli:

- "Det private reguleringsplanutkast fra tre av syv setereiere i Moen seterlag, inkluderende den totalte "kommunale hyttetomt kvote" på 25 tomter for hele stølslaget, er ugyldig. Under enhver omstendighet kan ikke det private reguleringsplanforslag godkjennes som reguleringsplan. Kommunens foreløpige godkjennelse av planen blir derfor å oppheve, eventuelt å hjemvise til ny behandling under forutsetning av samordning av det fremtidige reguleringsplanarbeide for Møen seterlag der alle grunneierne innen reguleringsplanområdet involveres i forhold til dei eiendomsarealer og rettigheter disse representerer."
- Klagen frå adv. Nybakk går på påstått saksbehandlingsfeil og feil forståing eller handtering av jordskiftedommen i arbeidet med reguleringsplanen, og at planen ikkje er ein fellesplan for alle i stølslaget.

Merknader frå rådmannen:

Hyttetomt 23/102, Ingeborg Hesla Bakkerud.

Denne klaga bør i fyrste omgang takast til følgje. Dvs. saka bør bli teke opp spesielt med Oldsaksamlinga for å få heilt konkret vurdert dette tilfellet, eventuelt justering i plassering eller flytting. Denne saka må bli avgjort etter at saka er avklara med private og offentlege instansar.

Til klagen frå Treverket, Bergli, Espedokken, og frå adv. Nybakk.:

Grunnar som er halde fram i brevet dagsett 27.7.89 er sakleg sett tungtvegande nok. Men dei er ikkje nye, og må difor seiast å vera vurderte frå før. Eg kan ikkje sjå at det har kome fram noko som gjer at kommunen bør ta meir omsyn til desse grunngjevingane nå enn kva som var situasjonen i des. 1987. Andre berørte faginstansar har ikkje ilagt hytteplasseringa dei same negative følgjene for verneområdet eller for vilt, fugl og fisk. Slike vurderingar må vi her rekne med det er lagt ekstra vekt på nettopp pga. verneområdet Lysern.

Tomtene er plassert slik jordskifteretten har forutsatt det i sin jordskiftedom frå 1969, og slik kommunen forstår denne. Er så dette feil forstått, eller er dette medvirkande til "saksbehandlingsfeil" (jfr. brevet frå adv. Nybakk 6.1.88), så

vil det føre til at kommunen må vurdere sine føresetnader på nytt. Så langt kan kommunen ikkje sjå at noko av dette er påvist; planarbeid og plan er fremma i samsvar med plan- og bygningslova.. Den forestående klagebehandling må kunne avklare dette.

I tillegg til å leggje fram innkomne klagebrev, legg vi også med kopi av bygningsrådssak 10/89. I denne saka har bygningsrådet behandla det planforslaget som Treverket m.fl. la fram i sitt brev 25.09.87, og som kommunestyret -i same sak som reguleringsplanen vart vedteken- oversende bygningsrådet for behandling. Vedtaket i bygningsrådet er:

"Bygningsrådet finn ikkje grunnlag for å fremje reguleringsframlegget frå Kari Treverket, Knut Espedokken m.fl. for Møne Stølslag dagsett 25.09.87, jamfør plan- og bygningslova §30.

Bygningsrådet finn ikkje grunnlag for å fremje reguleringsframlegget frå Kari Treverket, Knut Espedokken m.fl. for Møne Stølslag dagsett 25.09.87 som endring av reguleringsplan vedteken av Gol Kommunestyre i sak K 140/87, jfr. plan- og bygningslova §28-1."

Som ein merknad til dette med ein felles plan, så sende bygningsrådet saka attende med oppmoding om slik felles planarbeid alt i sitt møte den 14.05.85. Det burde ha vore tid til slik samordning i løpet av dei to åra fram til at bygningsrådet har saka til andre gongs handsaming 04.08.87.

FRAMLEGG til vedtak:

1. Når det gjeld klaga frå Ingeborg Hesla Bakkerud, så tek Gol formannskap i fyrste omgang og foreløpig denne til følgje.. Dvs. saka skal bli teke opp spesielt med Oldsaksamlinga for å få heilt konkret vurdert dette tilfellet, eventuelt justering i plassering eller flytting. Klagesaka må bli endeleg avgjort etter at saka er avklara med private og offentlege instansar.
2. Gol formannskap kan ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar som kan gje grunnlag for å ta omsyn til klagene frå
 - Kari Treverket, Arne Bergli og Knut Espedokken
 - advokat Rolf Nybakk på vegne av Knut Espedokken, Arne Bergli, Kari Treverket og Terje Søndreli.

Formannskapet finn heller ikkje at det er grunnlag for anna standpunkt enn kva kommunestyret kom fram til under behandlinga av reguleringsplanen, k.sak 140/87. Desse klagene blir ikkje imøtekomne.

3. Klagene blir sendt fylkesmannen.

Gol, 19.september 1989 - Lornts Letnes, rådmann.

FORMANNSKAPET

Ordføraren gjekk frå som ugild. Ingen møtte i hans stad. Varaordføraren overtok møteleiinga.

Varaordføreren foreslo saka sendt kommunen sin advokat til vurdering. Dette forslaget vart nedvotert med 3 mot 1 røyst.

VEDTAK:

(samrøystes)

1. Når det gjeld klaga frå Ingeborg Hesla Bakkerud, så tek Gol formannskap i fyrste omgang og foreløpig denne til følgje. Dvs. saka skal bli teke opp spesielt med Oldsaksamlinga for å få heilt konkret vurdert dette tilfellet, eventuelt justering i plassering eller flytting. Klagesaka må bli endeleg avgjort etter at saka er avklara med private og offentlege instansar.
2. Gol formannskap kan ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar som kan gje grunnlag for å ta omsyn til klagenes frå
 - Kari Treverket, Arne Bergli og Knut Espedokken
 - advokat Rolf Nybakk på vegne av Knut Espedokken, Arne Bergli, Kari Treverket og Terje Søndreli.

Formannskapet finn heller ikkje at det er grunnlag for anna standpunkt enn kva kommunestyret kom fram til under behandlinga av reguleringsplanen, k.sak 140/87. Desse klagenes blir ikkje imøtekomne.

3. Klagenes blir sendt fylkesmannen.

Utskrift sendt til:

Fylkesmannen i Buskerud, Haugesgt. 89, 3019 Drammen
Advokat Rolf Nybakk, Postboks 130, 3540 Nesbyen
Adv. Gunnar Rohr Torp, Postboks 9, 3520 Jevnaker
Ingeborg Hesla Bakkerud, Bakkerud sak, 3620 Flesberg
Kari Treverket, Arne Bergli, Knut Espedokken, Terje Søndreli,
Ole Knut Søndreli, Harald Hoftun, Egil Hoftun Hovland, alle Gol.
Teknisk hovudutval, her

UNIVERSITETET I OSLO

2.

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Gol kommune,
Formannskapskontoret,
3550 GOL.

OSLO, 13. november 1989.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: 00263/87 504. TOB.

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 3132/89 PON/gi

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR MØNE STØLSLAG
KLAGEBEHANDLING KONKRET VURDERING AV HYTTETOMT
GNR: 23, BNR. 102, SKAGA, GOL KOMMUNE, BUSKERUD

Vi viser til Deres forsendelse av 3. oktober 1989.

Universitetets Oldsaksamling foretok en befaring sammen med Helge Myklebust på nevnte tomt den 3. november d.å.. Det viser seg at registrering 11 på denne tomt ikke er et fornminne, og følgelig faller fredningen av denne gropa bort.

Universitetets Oldsaksamling har derfor ingen merknader til at tomta blir bebygd.

Skulle det imidlertid oppdages fornminner ved tiltak i marken, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter. Melding skal straks sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget
forsker

Kopi: Gol kommune, teknisk etat.